




Til alle tilsette i kommunane Jølster, Gaular, Naustdal og Førde

Kommunereforma – status november 2017

Etter at Stortinget 8. juni 2017 vedtok samanslåing av kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal har arbeidet vårt halde fram. Planlegging og etablering av ny kommune er organisert som prosjekt, og pr i dag med slik organisering.



Fellesnemnda

Fellesnemnda består av 19 representantar frå kommunestyra i dei fire kommunane. 4 representantar frå Gaular, Jølster og Naustdal – og 7 frå Førde. Fellesnemnda si hovudoppgåve er å planlegge og setje i verk etablering av den nye kommunen. I møte 28. juni 2017 vedtok fellesnemnda at

- Olve Grotle, ordførar i Førde, skal vere leiar av fellesnemnda
- Anita Eide Kvamme, varaordførar i Gaular, skal vere nestleiar
- Ole John Østenstad, rådmann i Førde kommune, skal fungere som prosjektleiar fram til prosjektleiar/rådmann i ny kommune er tilsett
- Øystein Høyvik blir tilsett som prosjektkoordinator og leiar av prosjektsekretariatet
- Det skal opprettast eit prosjektsekretariat med inntil 5 årsverk.

Fellesnemnda gjorde i sitt andre møte, 20. september 2017, vedtak om at

- Stillinga som prosjektleiar/rådmann i ny kommune skulle lysast ut eksternt
- Olve Grotle og Anita Eide Kvamme også skal ha rolla som leiar og nestleiar av partssamansett utval (PSU).

I det tredje møtet, 18. oktober 2017, vart det bestemt

- Kven som skal inngå i politisk prosjektgruppe som skal sjå på politisk organisering
- Kven som skal vere med i politisk prosjektgruppe knytt til utvikling av lokaldemokratiet.

Den første gruppa vil bli leia av Åsmund Bertelsen, medan den andre vil ha Reidun Støfring som leiar.

I møte 18. oktober 2017 vart også «programplan versjon 1» vedteken. Dennen planen gir nærare omtale av korleis prosjektarbeidet skal gjennomførast. Heile planen finn du på prosjektsunnfjord.no ved å følgje denne [linken](#).

Fellesnemnda vil i det vidare ha møte ca. ein gong pr. månad.

Rådmann i ny kommune



Jølster, Gaular, Naustdal og Førde kommunar skal saman bygge den nye kommunen i indre Sunnfjord som skal vere ein felles kommune frå 1. januar 2020. Den nye kommunen vil få om lag 22000 innbyggjarar og 2150 tilsette fordelt på 1650 årsverk. Den nye kommunen skal vere ein attraktiv og innovativ kommune i Sogn og Fjordane med regional tyngde og slagkraft med eit mangfald av arbeidsplassar, gode og trygge oppvekstvilkår og gode kommunale tenester i heile den nye kommunen.

Rådmann/prosjektleiar - den nye kommunen i indre Sunnfjord

Til denne spanande stillinga søkjer vi ein dyktig leiar med relevant erfaring og med dokumenterte evner til å leie komplekse endrings- og omstillingsprosessar.

Er du vår nye leiar som ønskjer å bidra til etablering og utvikling av den nye kommunen i indre Sunnfjord?

Spørsmål om stillinga kan rettast til våre rådgjevarar i Skagerak Consulting, Jan Sebjørnsen Storstein, tlf. 950 09 444, Øyvind Drangslund, tlf. 918 32 891 eller leiar for Fellesnemnda, ordførar i Førde kommune Olve Grotle, tlf. 952 07 929.

Søknadsfristen er: 06.11.2017. For fullstendig stillingsutlysning se: www.sk.no

skagerak consulting
BEDRIFTSRÅDGIVNING & REKRUTTERING

www.sk.no

Som bestemt av fellesnemnda har stillinga som prosjektleiar/rådmann i ny kommune vore lyst ut eksternt, og med søknadsfrist 6. november 2017. Fellesnemnda sette i møte 20. september 2017 ned eit innstillingsutval som skal komme med råd til fellesnemnda. Innstillingsutvalet består av dei fire ordførarane + to hovudtillitsvalte (Elin Enebakk frå LO/Fagforbundet og Marit Solheim frå YS/Delta). Det er planlagt at fellesnemnda skal gjere tilsetjing i møte 13. desember 2017.

Rådmannen si leiargruppe

Ein har som målsetting at rådmann i ny kommune vil vere på plass seinast 1. april 2018. Ei av dei første oppgåvene den nye rådmannen vil ta fatt på er tilsetting av leiargruppa (kommunalsjefar mv) og utarbeide forslag til administrativ hovudstruktur. Rådmannen si leiargruppe vil truleg vere på plass ein gong over sommaren 2018. Hovudarbeidet kor tilsette blir involvert vil først starte opp når leiargruppa er i funksjon – dvs hausten 2018.

Frikjøps- og kompensasjonsordningar

Den administrative styringsgruppa (rådmenn og hovudtillitsvalte) saman med personalsjefane har ei tid arbeid med å komme fram til forslag når det gjeld frikjøps- og kompensasjonsordningar for politikarar, tillitsvalte og tilsette som skal delta i prosjektarbeidet. Ein tek sikte på at forslag til ordningar vil bli handsama av fellesnemnda i møte 15. november 2017.

Administrative prosjektgrupper

Pr i dag er/blir det oppretta 8 administrative prosjektgrupper kor i hovudsak kommunalsjefar/leiarar saman med hovudtillitsvalte deltek. Prosjektgruppene vil ha følgjande som hovudoppgåve:

- IKT/digitalisering
- Arkiv
- Personal
- Økonomi/rekneskap
- Helse/omsorg
- Oppvekst
- Kultur
- Teknisk.

Knytt til kvar av prosjektgruppene vil det kome arbeidsgrupper. I desse gruppene vil ulike funksjonar, tilsette og tillitsvalte delta. Arbeidet i desse gruppene vil i mindre grad ta til før på haustparten 2018.

Prosjektsekretariat

Fellesnemnda bestemte i møte 28. juni 2017 at det skal opprettast eit prosjektsekretariat som skal bistå prosjektleiar/rådmann og prosjektgruppene i arbeidet. Frå november 2017 vil sekretariatet bestå av

- Anette Sollid, 60% (tilsett i Jølster kommune)
- Liv Janne Bell Jonstad, 50% (tilsett i Førde kommune)
- Ørjan Stubhaug, 50% (tilsett i Naustdal kommune)
- Malin Solheim Moldestad, 50% som utvalssekretær
- Jetvard Kalland, 40%
- Øystein Høyvik, prosjektkoordinator.

Sekretariatet vil få kontor plass i Sunnfjord Utvikling sine lokale i 1. etasje Førde rådhus.

Informasjon

Du finn meir informasjon om arbeidet på heimesida vår - prosjektsunnfjord.no. For dei av dykk som synest det er byrja å bli vanskeleg å finne fram her så fortvil ikkje – vi arbeider med å få plass ny heimeside.

Vi ser fram til 785 spanande dagar!

Førde, 7. november 2017

Ole John Østenstad

Fungerande prosjektleiar

Øystein Høyvik

Prosjektkoordinator